
Vår referanse 2021/49486-2
Dato 25.10.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - gnr 131 bnr 33 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi kan ikkje sjå at dette bygget er av regional verneverdi, og har vore i dialog med kulturavdelinga i Alver kommune om saken. Dei har ingen merknader til tiltaket, verken når det gjeld bygget i seg sjølv eller omsynet til det kulturhistoriske landskapet av nasjonal interesse; *KUL K416 Den indre farleia*.

Vi ser at riving av dei to endane fører til at ein får ein meir funksjonell bruk av bygget tilpassa notida. Frontane som går i flukt med sjøsida var i si tid funksjonelle då sjøen var hovudtransportåra. Ved å fjerne endane tapar ein såleis noko av den kulturhistoriske identiteten til dei bygde omgjevnadane i den indre farleia. Vi synest at bygget utvendig står fram som eit fint, enkelt funkisbygg truleg frå omkring midten av førre århundre. Vi ber om at tiltaket blir utført på ein varsam måte og at fasadane - som ein påpeiker i søknaden - blir lik dei gamle. Bygget må dokumenterast før riveprosessen startar, i form av foto og skildring av tidlegare og no tidig bruk (historikk). Er til dømes bygget arkitektteikna, og kva var den opphavlege bruken? Dokumentasjonen bør sendast til Alver kommune, slik at den kan arkiverast for ettertida.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Berit Vik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift